



# Valle og Hylestad sokneråd

Kyrkjekontoret Sæbyggjen  
4747 Valle

Tlf.: 97784706  
Valle 2020-12-16  
[post@valle.kyrkja.no](mailto:post@valle.kyrkja.no)

## MØTEBOK

- MØTEDATO:** Tysdag 15. desember kl. 17.00 – 18.30
- MØTESTAD:** Kyrkjestoga
- Til stade:** Lisbeth D. Homme, Siri Melhus, Sissel Åkre, Gudrun Sagneskar, Bente Bjørgum, Liv Bjørgum Ryningen, Knut Olav Uppstad, Ellen Jansen, prost Gunnar Ellingsen og Knut Hagen.
- Meldt forfall:**
- Frå adm. møte:** Kyrkjeshjef Sissa Ringstad
- 

### FØRESPURNADER

Førespurnader skal ein ikkje melde frå om på førehand. Er det noko medlemene i soknerådet vil take opp som sak, må dette meldast inn 14 dagar før møte.

### ORIENTERINGAR

Jula i Valle og Hylestad vert slik:

#### Jolaftan ope kyrkje

Hylestad 14.00 – 16.00. Spr. Kristine Borgen spelar piano og syng.

Kyrkjevertar: Bente Bjørgum og Sissa Ringstad

Valle kyrkje 14.00 – 16.00. Frå kl. 14.00 – 14.45. spelast det julemusikk frå CD. Organist

Henrik West spelar orgel frå ca kl. 14.45 – 16.00

Kyrkjetenar, Karin Bøe. Kyrkjevertar: Gudrun Sagneskar kl. 14.00 – 15.00 og Sissel Åkre kl. 15.00 – 16.00

#### Joledag

gudsteneste i Valle kyrkje kl. 12.00. Påmelding fom. 10. desember.

Kyrkjevertar er Lisbeth og Sissel. Karin Bøe er kyrketenar.

Sak FR 18/20

### **BUDSJETTJUSTERINGAR 2020**

Sjå vedlegg: Budsjettjustering inv. 2020 og

**Forslag til Vedtak:** Budsjettjustering som lagd fram vert vedteke.

**7 røyster.**

**Forslag til vedtak:** frå medlem Knut Olav Uppstad: soknerådet utsetjer godkjenning av budsjetjustering fram til rekneskapsgrunnlaget for budsjetjusteringene låg føre.

**1 røyst.**

**VEDTAK Valle og Hylestad sokneråd:** Budsjetjustering som lagd fram vert vedteke.

Sak FR 19/20

### **BUDSJETT 2021**

Sjå vedlegg: Driftsbudsjett 2021 og investeringsbudsjett 2021

**Forslag til vedtak:** Budsjett 2021 som er utarbeidd og lagd fram vert vedteke.

**7 røyster.**

**Forslag til vedtak** frå medlem Knut Olav Uppstad: Soknerådet utsetjer godkjenning av budsjet fram til endringer i løner og soknerådshonorar er redegjort for

**1 røyst.**

**Vedtak Valle og Hylestad sokneråd:** Budsjett 2021 som er utarbeidd og lagd fram vert vedteke.

Sak SR 47/20

### **MØTER/GUDSTENESTER/TAKKEOFFER/KYRKJEVERT VÅR 2021**

**Vedtak:** Liste som lagd fram vert vedteke

**6 røyster for, 1 røyst mot**

Medlem Knut Olav Uppstad vil ha det protokollført at han ønskjer at messane skal vere annakvar gong i Valle- og Hylestad kyrkje.

## **FØRESPURNADER**

### **SMITTEVERNPLAN**

Det er ikkje nødvendig å oppdatere smittevernplan. Veiledning frå kyrkjerådet endrar seg stadig og ein må forhalde seg til det.

### **ÅRSMØTE/MEDLEMSMØTE**

Administrasjonen har vore i kontakt med revisjonen – som har kontrollfunksjon for heile orgnisasjonen – og fått stadfesta at ein ikkje treng å halde årsmøte/medlemsmøte for 2019. Ein vil legge inn årsmøte for 2020 inn i møteplanen.

### **AVVIGSLING AV MEINIGHEITSHUSET**

Biskopen tilrår ikkje avvigsling. Ein må tenkje gjennom kva ein vil gjere. Til dømes ei forbønshandling.

Valle 16.12.20

Anne K. Ringstad  
Kyrkjesjef

Lisbeth D. Homme  
soknerådsleiar